

17. Mai 2025 kl. 19:00

Festmøte: 17. mai

Dagsorden

1. Møtet er satt

Møtet er satt klokka 19.07

2. Stars and Stribes v/ Strindens Promenade Orchester

3. Godkjenning av dagsorden

Dagsordenen vert godkjend ved akklamasjon

4. Styret informerer

Følgjande disiplinærvedtak blir protokollført

Vedtak V09

"Styret har vedtatt å idømme et medlem utestengelse fra Studentersamfundet område og virke. Straffen gjelder til og med 13.10.2025. Dette for vold og truende oppførsel. Dommen er gjeldene fra 13.05.2025."

Vetak V10


"Styret har vedtatt å idømme et medlem utestengelse fra Studentersamfundet område og virke. Straffen gjelder til og med 13.05.2027. Medlemmet fratas også medlemskap i gjengen vedkommende er med i. Dette for uakseptabel oppførsel mot andre frivillige. Dommen er gjeldende fra 13.05.2025."

Vi har også hatt "Festmøte: De Sorte Faars Ridderskab".

Vi har gjennomført ein klistremerkeaksjon, der vi klistra på merke med teksten "Boikott israelske varer" i daglegvarebutikkar.

Ut over det har styret ikkje noko å melde.

5. Festlig femminutt



Cecilie, medlem: Eg skal seie noko som eigentleg ikkje er så festleg, men som eg synest vi alle bør tenkje litt på i dag. Eg pleier eigentleg å feire 17. mai i Bymarka, men i dag har eg tatt trikken ned hit. Og på trikken gjorde eg det eit kvart friluftsmenneske gjer: tok opp mobilen og byrja å skrolle. Då dukka det opp eit debattinnlegg i Adressa i dag, som verkeleg traff meg. Og det ønskjer eg å dele med dykk. Det er ein som har skrive om einsemd i selskap. Han skriv mellom anna:

"Det finst ein einsemd som er tyngre enn alle andre. Å vere einsam i eit rom fullt av menneske, midt mellom samtalar, latter og prat, men likevel kjenne på ein tomheit så kald at han skjer rett gjennom deg. Når ingen snakkar med deg, når ingen møter blikket ditt, og ingen spør korleis du har det."

Seinare skriv han: "Å vere einsam i selskap er ikkje berre trist, det er knusande. Det å høyre latteren som svirrar rundt deg, ei påminning om at du står utanfor, sjølv om du står midt i rommet. Det å smile av plikt, le på kommando, og late som alt er greitt, medan hjartet ditt ønskjer å rope: 'Ser ingen meg!?'"

Mot slutten skriv han vidare: "Viss du nokon gong ser nokon som står litt for seg sjølv i eit selskap, som sit stille i eit hjørne, som ler utan å bli snakka med, gå bort, sei hei, still eit spørsmål. Ver den som bryt muren. "Du anar ikkje kor mykje eit ekte blikk, eit lite spørsmål og ei handstrekking kan bety."

Eg vil verkeleg anbefale å lese heile innlegget, det er skrive av ein som heiter Reidar Olaf Østensen. Men eg hadde berre lyst å dele dette fordi eg er ein som ofte har følt meg litt einsam, spesielt på 17. mai. Difor vil eg minne alle her om å vere den som smiler og seier hei, akkurat i dag, på sjølvaste 17. mai. Viss det verkar som om nokon her har eit ekstra behov for det, løft blikket og sjå rundt deg. Eg trur ikkje dagen din blir noko kjipe av det.

Jakob, medlem. Gratulerer med dagen. Var nokon her i fjor? Dykk var her. For då snakka eg litt om at vi hadde Karl Johan som ikkje ville ha 17. mai som nasjonaldag. Han ville ikkje ha det i det heile tatt. 17. mai blei jo kvart år markert av studentar. Men Karl Johan gav jo ein tordentale til Stortinget, der han sa han ikkje likte markeringa i det heile tatt. Så på 1820-talet vedtok Stortinget at vi ikkje skulle feire 17. mai i år. Og då vart det ikkje 17. mai, og ikkje åra etter. Det var ikkje lov. Men så var det ein gong i Kristiania i 1829 at folk byrja å møte opp og sjå på skip. Og då byrja nokon å rope "Lenge leve grunnlova!" på 17. mai, og fleire starta å rope. Då begynte folk å feire. Då sende Karl Johan politiet og hæren for å stoppe dette. Det var så skikkeleg fælt, og då vart 17. mai lov igjen, da Karl Johan måtte gje etter. Men første ordentlege 17. mai skjedde i 1833, då det kom eit minnesmerke av ein Kristian Krogh. Som brukte veldig mykje av sitt politiske virke til å redusere kongen sin personlege makt. Kanskje eit personleg stikk til kongen? Eg veit ikkje? Så var det også slik at Henrik Wergeland var òg til stades og tala

den dagen. Det var også han som for øvrig ropte "Lenge leve grunnlova" i 1829. Men kong Karl Johan hadde ein følgjemann som følgde tett med på kva han dreiv med og sa, og det blei notert. No håpar eg ikkje at Kong Harald har ein slik her, ein fyr inne her. Det hadde vore veldig skummelt. Men eg synest vi skal takke for at nokon har kjempa så hardt for at vi kan feire vår eiga fridom. Og vår eiga nasjonaldag, på ein så fin dag som denne. Hipp hipp hurra.

Medlem. Det er første gongen eg er her og snakkar. Det er òg min første 17. mai her i Trondheim. Eg synest vi nye studentar her i byen har blitt tatt så godt imot i byen. Det er så bra opplegg, og det er kjempe mange arrangement som skjer overalt. Og eg synest det er kjempebra arrangert av studentorganisasjonar og Samfundet. Det er kjempe mykje som skjer overalt. Så eg vil berre seie ein skikkeleg takk til byen, Studentersamfundet, alle studentar, alle organisasjonar, og for å bli tatt kjempe godt imot i nye byen.

Randi, medlem. Dette er også min første gong på talarstolen. Og eg vil sende eit utrop til mine roomies: Rami og Ingrid, for den fantastiske jobben dei gjer for vårt kjære Samfundet. Verkeleg takk for det de gjer, fordi vi får vere ein del av dette. Og det trur eg gjer så mykje for mange enn vi nokon gong forstår sjølve. Vi veit kanskje alle som er her no. Gratulerer med dagen til alle saman.

Elise, medlem. Eg bur i verdas beste kollektiv: Sara og Josefine. Og i vårt kollektiv har vi ein veldig morosam tradisjon. Ein av dei er "Gjett fisen". Lager Lyd. Fasit: det veit de ikkje. Okei, takk for meg.

Inge, medlem. På kort varsel, etter ingen sitt ønske, har eg komprimert eit dikt:

God 17. mai, eg kosar meg kvass på 17. mai.

Eg er i god gass på 17. mai.

Eg er på rett plass 17. mai.

Men kor, kjære Storsal, på denne festlege dag, er min Dahls i glasglas?

Åsmund, medlem. For nøyaktig eitt år sidan, stod eg på denne talarstolen og melde meg inn i pensjonsforeininga av Studentersamfundets møteplagarar. For eg hadde blitt så heldig å bli tatt opp i Rami sitt styre. Og no er eg så heldig at eg får pange for det styret, så då har eg ikkje noko betre å gjere enn å bli møteplagar igjen. Og det første eg vil plage dette møtet med, er ein beklaging og unnskyldning til alle mine vener og familie for det siste året. For når eg blei med i styret, blei eg så uheldig at eg eigentleg ikkje har hatt tid til så mykje anna. Pappa har invitert meg på ein bursdagsmiddag i februar ein gong, den blei det aldri

noko av. Og eg og mamma har eigentleg avtalt å handle gardiner, og litt til gangen. Og den gangen er ganske bar, og eg søv framleis med sovemaske, fordi eg ikkje har gardiner på soverommet. Amund og Mathilde, eg er ekstremt glad i dykk. Sjølv om eg ikkje har sett dykk, ja, Gud veit når sist. Og eg vil berre seie takk til Studentersamfundet i Trondheim, og Rami som gav meg moglegheita til å bruke eit år på verkeleg å forsøme alt i det andre livet. Det var eit verkeleg godt år, men det er òg verkeleg godt at det er over, på mange måtar.

Vi i vårt styre, og det kjem de sjølv sagt til å høyre meir om i løpet av kvelden, vi har vore så heldige å få jobbe med ekstremt mykje kult. For eitt år sidan stod eg her og snakka om Norsk Presseforbund, som i 1929 skreiv i sin oppsummering av viktige saker at Studentersamfundet fekk sitt eige bygg. Og eg sa for eitt år sidan at det ville bli toppa med at vi endeleg fekk eit tilbygg – nybygg. Og eg er utruleg stolt over å ha vore i Rami sitt styre, som har opna nybygget. Og verkeleg stått på skuldrene til generasjonane før oss. Så eg vil skåle for fleire ting: Skåle for Rami, for styret mitt og eg vil skåle til alle som kom før oss! Og gratulerer med dagen!

Andreas, medlem. Dagen i dag, 17. mai, det er grunnlovsdag, det er festdag, det er ein dag vi feirar for Noreg og grunnlovsdagen, der vi feirar for frigjeringa til Noreg. Og kva som har gjort Noreg. Og frigjeringa av Noreg. Eg er frå Færøyane, det er under Danmark. Diverre, kan ein seie. Men det vil eg seie, i debatten no skjer det mykje. Grønland er under Danmark, Trump ville gjerne ha Grønland. Får sjå korleis det går med det kongelege i Danmark. Men sidan dagen vi feirar, det er ikkje alle naboland som kan feire denne dagen. Færøyane og Grønland kan ikkje feire den. Snakk om Israel, og snakk om mange land, Gaza, Palestina, Ukraina. Dei er òg naboland som prøver å få sin sjølvstendigheit. Med det vil eg gratulere dykk med dagen. Kjenn på kva de kan feire. Det er ikkje alle som kan feire det.

Ulrik, medlem. Eg vil nytte høvet til å rette merksemda mot styret. Som medlem i Lørdagskomiteen vil eg påstå vi er den gjengen som samarbeider mest med styret. Men i alle fall, vi har ein viktig link saman. Og det er utruleg hyggeleg å samarbeide med dette styret. Og vi kjem til å sakne dykk mykje. For meg handlar denne dagen mykje om Lars. Vi har eit utruleg godt samarbeid. Det er ufatteleg korleis ein kan få vener som er så mykje eldre enn seg sjølv. Men det berikar ein kvar studenttilvære. For alle dykk som ikkje kjenner Lars, eg anbefalar å bli det. Så eg har lyst til å skåle for styret.

Jonas, medlem. Eg vil skåle for, eller skåle for at vi har dette forumet, her vi møtest, skravlar, har ein open talarstol. Som er det første som ryk den dagen vi mister eit demokratisk liberalt samfunn. Så la oss vere jævlig takksame, som er her fem gonger i løpet av eit Samfundsmøte. Og for førti tilskodarar som pratar om hasj. Eller dei andre, vi kan vere takksame for dei òg. Men mest, vere takksame for meg. Eg er så takksam for at vi har dette forumet, held det levande, at det eksisterer, og eg synest vi må verne om det. Skål for meg då? Skål for alle!

Egil, medlem. Det var nokre fine ord sagt om det avtroppande styret, så eg tenkte å seie nokre fine ord om det påtroppande styret. Først og fremst, synest eg dei verkar veldig kule. Men først og fremst, no er det rom for å seie noko politisk. Så eg ville berre seie noko direkte til Birk: Kan du gje Sofie fri ein helg eller to? Som kjærast hadde det vore fint. Så om du kan sørgje for ein eller to helger fri, så hadde eg blitt veldig glad. Uansett, lykke til, påtroppande styre!

6.Kunstnerisk innslag v/ Studentersamfundets Symfoniorkester

Espen Andresen er dirigent.

7. Kunstnerisk innslag v/ Trondhjems Studentersangforening

8.Allsang: "Ja, vi elsker dette landet"

9. ISFiT informerer

10. Kunstnerisk innslag v/Studentersamfundets Interne Teater

11. Pause

Kakeservering i Rundhallen.

12. Kunstnerisk innslag v/ Snaustrinda Spelemannslag

13. Styrets takk til de frivillige

14. Kunstnerisk innslag v/ Trondhjems Kvinnelige Studentersangforening

15. Festtale v/ Kent Ranum

Kent Ranum synger "Mayors Song"

16. Allsang: "Nu klinger" med Strindens Promenade

17. Utdeling av livsvarige- og æresmedlemsskap

Livsvarig medlemskap er noko som blir tildelt eit medlem som har gjort ein særskild innsats for Studentersamfundet. Det er personar som har gjort ein innsats som går utover det ein kan forvente av dei, og som har stor betydning for Samfundet som organisasjon.

I år har vi tildelt personar livsvarig medlemskap, og dei skal no få si utmerking med grunngjeving – og høve til å seie nokre korte ord.

Følgjande medlemmar er tildelt livsvarig medlemskap:

- Edgar Tanberg
- Simen Vestad
- Karoline Rolfstad

- Arne Magnus Sund
- Øyvind Hauge
- Marthe Gjestland
- Agnete Djupvik
- Katrin Glatz Brubakk
- Bassan Hussein

18. Maktovertakelse

Tale ved avtroppende leder Rami Chumber

Tale ved påtroppende leder Birk Cock Aschjem

Birk Cock Aschjem overtar som leder med sammen med sitt styre:

- Organisatorisk nestleder: Øystein Østbye Røskaft
- Nestleder og kommunikasjonsansvarlig: Rebekka Bjorøy
- Huskoordinator: Henrik Jørstad
- Arrangementansvarlig: Caroline Wolowiec Berntzen
- Debattansvarlig: Tov Berge
- Mille Eriksen
- Sofie Hangeland Paulsen

19. Kunstnerisk innslag v/Knauskoret

20.Eventuelt

Ulrik , medlem. Gratulerer til nestleiar Rebekka, og eg ønskjer henne å ta Rami sin utfordring og tørre å vere annleis, og pågåande mot sin leiar. Studentersamfundet skal vere provoserande overfor instruksjonar vi forhold oss til. Som nestleiar er det ekstra ansvar å vere ekstra hard og sette krav. Eg er sikker på at du oppfyller den rolla fornuftig.Og så er eg utruleg stolt av å vere ein del av organisasjonen vi skal drive det neste semesteret, i alle fall. Eg ønskjer de lykke til på vegne av heile LØK.

Tov, medlem. Eg er ny SDK-leiar, og eg vil presentere det nye SDK. For nokre veker sidan fekk eg teke opp mitt nye SDK. Men først ein takk til Isak og SDK for ein heidundrande jobb med å lage veldig gode debattar. Dykk har verkeleg lagt eit grunnlag slik at vi kan få skinne no. Og heldigvis veit eg at den gjengen eg har teke opp, dei kjem til å bera fakkelen vidare med stoltheit og lage engasjerande og kule debattar framover.Eg har teke opp ein gjeng som både er variert og engasjert, som no er klar til å setje sitt preg på Samfundets debattar og politikk.Gje ein stor applaus for dei: Liva, Anna, Aude, Dima, Elise og Marcus!

Tore, medlem. Eg vil gje ein stor applaus og skryt til dei kunstnariske i kveld! Eg har vore med i Regi, og høyrte mange innslag frå før, og dette her var kollektivt bra. Det var utruleg bra i kveld!

Jakob, medlem. For eitt år sidan var eg påtroppande leiar i Velferdstinget og gratulerte Rami på vegner av Velferdstinget, og eit godt samarbeid fekk vi til , gjennom vårt politiske samarbeid, som studentane kan vere veldig, veldig nøgde med .No står eg som avtroppande leiar, no er det ny leiar: Vilja. Tipper de kjem til å få til eit godt samarbeid saman. Masse lykke til, Birk!

Theo, medlem. Eg representerer det påtroppande velferdsutvalet. Birk, du representerer ein viktig minoritet: folk frå Moss. I staden for styresuppe håper eg på styre pølse i vaffel. Vi ser fram til god møtesnacks på møta framover. Og litt meir personleg: Isak, vi blei jo tatt opp i lag, og du har jo to år igjen i Bar. Vi håper du kjem igjen. Vi saknar deg. Gleder meg til å sjå deg igjen bak baren. Alle andre håper eg har ein veldig fin 17. mai.

Lea, medlem. På vegner av Studenttinget ved NTNU og studentdemokratiet i Trondheim, vi gler oss til samarbeidet. Så håper eg at eg kan fortelje om eit arrangement som skjer til hausten. Då ønskjer eg alle dykk velkomne 28. august til studentnach, kor vi har invitert nokre profilerte politikarar, slik at vi får kjenne på tempen før stortingsvalet.

Astri, medlem. På vegner av Hammarlauget. Har vore i Birk sine sko, og vi ønskjer deg, Birk, og ditt styre spesielt, gratulerer med dagen. Og vi gler oss utruleg mykje til kva de gjer!

Rami, medlem. På vegner av det avtroppande styret. Gratulerer så mykje til det påtroppande styret. Vi gler oss vilt mykje, vi er glade på dykkar vegner trass tårene. Ta kontakt, vi har det friskt i minne. Lykke til.

Ella, medlem. Vi er misnøgde med FG sine bilete det siste året.

Åsmund og Borghild, Temaduoen vil gratulere. fyfaen vi gleder ogss Mille og Sofie! Vi gler oss til å sitje på første rad på laurdagar. Vi skal òg kome med kritikk av møtet.

Astri og Rami, medlem. Vi har jappa, og det skal også du og! Vi gleder oss utruglig mykje til å sjå kva du får til Birk. Vi gleder oss til å ha deg med i gullklubben. Lykke til med året.

Selma, Jon, Julie, medelm på vegne av UKA og ISFiT. Vi kjem først av alle i GSK. Så på vegne av festivalene, vi gleder oss mykje te å jobbe med dykk. Kor er FUK? Gratulerer med dagen.

Henrik, medlem. Første gong på talerstolen. Når eg var nyopptatt tok Birk meg godt i mot, sto i dokø og kom i prat med Birk og Rami og dei tok meg varmt i mot. Den beste mottakelsen jeg kunne fått. Så fortsett å snakk med folk i dokø!

Gjengsjefkollegie: Vi gratulerer! Vi gleder oss veldig

Aurriane og Sophie, medlem. Vi vil gratulerer på vegne av Markedsføringsgjengen. Vi har jo fått to frå MG i styret, det må vi jo feire!

Sophie, medlem. På vegne av STØNT, gratulerer vi Øystein. STØNT STØNT STØNT.

Vetle, medlem. På vegner av videokomiteen vil vi gjerne seie at vi er veldig stolte over Caroline som har blitt med i styret. Vi er veldig stolte!

Andreas, medlem. Eg har jo det privilegiet av å vere kjærasten til Mari, som har vore nestleiar i det pangande styret. Frå eit kjæresteperspektiv så håpar eg du, Birk, passar på at dine medfellar i styret får nok fri. Så dei kan vere med kjærestane sine, ha det koseleg og likevel ha det gøy. Gratulerer med dagen!

Stian, medlem. Dette er min første gong på talarstolen! Først vil eg seie gratulerer til Birk og det påtroppande styret, for å ha blitt styret. Og eg vil også rette ei ekstra merksemd til FK og VK på jobb i dag, som berre er det yngste kullet og har køyrt eit fantastisk festmøte.

Emma, medlem. På vegner av alle i Studentmediene er vi veldig stolte av deg og gler oss til å sjå deg blomstre i rolla di.

Martin og fleire frå ISFiT 25-storstyret, alle medlemmar. På vegner av storstyret i ISFiT 25 ønskjer vi å gratulere det nye styret med maktovertakinga. Vi synest det er ekstra stas å sjå at Rebekka er nestleiar og referent i det nye styret. Samtidig er det stas at Birk, som var leiar i RadiolSiFiT, no er ny leiar av Samfundet! Det synest vi er veldig stor stas! På vegner av heile ISFiT håper vi de tek godt vare på nye ISFiT-27, og at de får til eit godt samarbeid. Vi vil òg gratulere det avtroppande styret, og takke for eit fantastisk samarbeid i året som har vore. Det har vore veldig kjekt å bli kjent med dykk, og vi er veldig glade i dykk!

Isak og Magnus frå Spikerlauget, begge medlemmar. Vi trur vi er dei einaste frå Spikerlauget, SDK sin pangforeining. Vi ønskjer å seie lukke til til det nye styret, og

først og fremst nye SDK. Vi trur de kjem til å få til mykje bra, ja, vi kryssar fingrane for det. SKÅL! Vi skal gruse nye SDK i dødballkamp.

Inge, medlem. På vegner av BSF, BSK og HGH vil han gjerne seie at dei er triste for å miste ein av sine eigne i leiarstolen, men vi er optimistiske for framtida, sjølv om ho er usikker med ny leiar. Vi håpar på eit godt samarbeid framover. SKÅL!

Per Eigil og Cecilie, medlemmer. Eg har dei siste 364 dagane vore redaktør i Profeten. Og eg heiter Cecilie, og i Profeten har eg skrive i eitt år saman med Per Eigil utan å vere redaktør. Men i Samfundets lover i paragraf 25 står det at til Samfundets handskrivne avis, som er fire år eldre enn Dusken, kan det veljast to redaktørar.

Per Eigil sitt kandidatur: Eg har det siste året hatt tre prinsipp: signere med fullt namn, ingen rasistiske karikaturar, med mindre det er morosamt (det har det ikkje vore), og til sist: alltid ein kuk i kvar utgåve. No har vi ein formann/leiar som heiter Cock, så han må bli med eitt år til.

Cecilie sitt kandidatur: Difor treng vi også litt fitte, og det eg. Så difor vil eg òg vere redaktør. Søknaden min blei levert på DSFRS for nokre veker sidan, så den kan lesast der. Er nokon motkandidatar eller innvendingar? Det verkar ikkje slik. Då er vi valde, og dei skålar!

Per Eigil, medlem: Gratulerer til Rami for fridomen.

Eivor og Eigil, medlemmer. Eivor er leiar av fotogjengen og vil gjerne gratulere det nye styret. Fotogjengen har kjære Sofie i det nye styret, og elsker henne og diggar resten av styret. Vi har allereie knipsa nokre kule bilete av det nye styret. Og vi gler oss masse til å samarbeide med det nye styret. Dersom det nye eller avtroppande styret nokon gong er misnøgde med bilete, er det berre å ta kontakt og seie ifrå, eller spørje om nye bilete, så fikser vi det. Dei er tilgjengelege på foto.samfundet.no, men vi tek ikkje imot henvendingar, og bileta er absolutt.

Tormod, medlem. Eg kjem med ei opplysning til medlemmene og gjengsjefene i dei interne gjengene. Det som tidvis har vore kalla Tormod sitt søppelpalass bak Samfundet, har no fått sine avfallskomprimatorar i hus. Det er no mogleg å sortere ut papp, slik at ein slepp å kaste det i restavfall. For å hjelpe dei interne er det viktig at gjestene og medlemmene ikkje kastar plastkoppane med pant i restavfall. Og at dei flaskene som kan pantast, skal pantast. No skal vi sortere

papp, glas og metall, hard og mjuk plastemballasje, flasker, kanner, brett, mat, gips, isolasjon, porselen, e-avfall, maling, lakk, lim, spraybokser, lysstoffrøyr, batteri (i fire forskjellige fraksjonar) skal sorterast for seg, resten i restavfall. Eg kjem til å vise fram underverket (søppelheisen) etter møtet.

21. Kritikk av møtet

Inge, medlem. jeg las opp eit dikt i byrjinga av møtet, i håp om at noko skulle skje. Dette skjedde ikkje. Framleis fan av glas-glas på samfundetsmøtet, også festmøter. Tilbyr seg å vaske dei sjølv for KSG.

Cecilie, medlem. Eg vil gjerne trekkje fram at det var mykje bra kunstnarisk i dag, spesielt SIT som hadde litt nynorsk på nasjonaldagen, noko som er veldig passande sidan jamstillingsvedtaket i år fyller 140 år, som skjedde 12. mai. Ho kjem med eit ønske til neste år og til Birk om å ha noko nynorsk til neste møte. For ordens skuld er ho leiar i Nidaros mållag. Plis nynorsk neste år, til dømes mellom bakkar og berg.

Åsmund, medlem. Halla Birk, og ærverdige storsal. No som eg har blitt ein gretten, gamal pang, vil eg gjerne ta opp eit par punkt. Nummer 1: Det var ein del tørst under møtet, og eg måtte hente drikke sjølv, det var litt kjipt. Nummer 2: Eg mista vervet mitt, det var litt rart. Når ein drar på samfundsmøtet, burde ein få lov til å halde vervet sitt. Berre eit tips til neste gong. Eg synest også det blir forskjellsbehandling når eg, som tidlegare styremedlem, får glas-glas, medan alle andre får plast, det blir litt forskjellsbehandling sjølv om dei er betre enn alle andre. Eg synest vi burde stille med glas-glas til alle, sjølv om møtet held på veldig lenge. Eg synest ikkje det er så bra at vi sit her på samfundet når det tek så lang tid, og folk står på talarstolen i evigheter. Men det er ikkje det eg skal skåle for. Eg skålar for alle som har gjort denne dagen mogleg, nemleg Hans Majestet Kongen, Hans Majestet Kronprinsen, Hennes Majestet Kronprinsessa, og Hennes Majestet Miss Ingrid Vike. Til slutt, skål for Luke Beddet, tidas drikkeleik, og alle som var på møtet heilt til slutt. Og skål til Birk, godt jobba med å faktisk kome deg hit, vegen frå leiarvalet til å bli leiar er lengre enn ein skulle tru.

Per Eigil, medlem. Står her som ein audmjuk TSS-ar. Set veldig pris på å få vere forsargar i dag. Hadde ikkje førebudd nokon standup, eg foreslår at folk seier ifrå til dei først. Trur det blir sett pris på.

Rami, medlem. Skal ikkje kommentere den eine eller andre vegen på det, men eg vil kome med min første møtekritikk som ein fri mann. Det er eit svar. Eg skjønar godt at det er fett med glas-glas på samfundsmøtet. Det er heilt legitimt å forvente det. Men altså, i dag, av alle dagar, står KSG-arane i barane på 17. mai! Det skal ein kanskje takke for, og ikkje kome med klager. Så eg trur vi skal vere nøgde med å ha fått øl i glaset, og takke KSG som sto i barane.

Påtroppande leiar i LSL. Eg ønskjer å gi kritikk til det avtroppande styret fordi dei anmodar Strindens om å spele *Nu klinger*? LSL har laga ein veldig kul diskoversjon av *Nu klinger*. Kvifor ber ingen LSL kome opp og spele *Nu klinger*? Har de høyrte versjonen? Den kjem kanskje til hausten på Spotify! Gratulerer til det påtroppende styret.

Håvard medlem. Eg vil gratulerer Caroline Wolowiec Berntzen som er teken opp i det nye styret. Eg er veldig stolt, og eg syns kult at ho har teke på seg dette vervet samtidig som ho var ITV, nestleiar i eiga linjeforening, og skreiv to bacheloroppgåver samtidig. Eg er ikkje like aktiv som ho, men er veldig stolt og eg elsker deg.

Theo medlem. Det har vore respektfull og artig med taletid og talarstolbruk. Eg vil støtte det Rami sa om KSG, ikkje berre fordi eg sjølv er KSG. Eg er gjengis og sjølv om eg ikkje gjer så mykje samanlikna med styret og funkane. Eg set veldig pris på at dei arbeider på dagar som desse, så eg slepp. Eg er svært takksam for det.

Jonas, medlem. Det er heilt vanvittig at det er nokon her å gi denne kritikken til. Men den festtalen vi hadde i dag, og dette er ein positiv kritikk til styret, å få borgarmeisteren til å halde festtale, det er eit kupp. Men festtalen han heldt i dag, når Gaza er jævla lagt i ruinar, Ukraina brenn, jorda nærmar seg eit tregradersmål utan at nokon bryr seg. Og så syng vi om Ski-VM. Eg hadde planar om å stemme Høgre i år, eller det var ein løgn. Kent Ranum, er du her? Nei. Det er det dårlegaste han nokon gong har opplevd. Dra til helvete, Kent Ranum, det er det dårlegaste han nokon gong har sett. Takk for meg!

Cecilie, medlem. Dra til helvete, Jonas, dette valde vi faktisk sjølv! Eg vil gi skryt for at vi fekk velje om vi ville ha festtale eller song. Eg vil også gi skryt for at vi både kan vere glade for det vi har, og at styret i år valde å gi æresmedlemskap til to som arbeider for Gaza og Palestina. I dag har vi hatt plass til begge delar. Stor skryt til styret for det!

Egil, medlem. Unnskyld, men vi skal ikkje seie «dra til helvete» til andre medlemmar. Det er veldig kult at vi får folk som blir æresmedlemar, men vi kan ikkje starte innlegga våre med å seie frå til helvete til andre medlemmar. Eg synest Jonas var flink. La oss gå vidare.


Inge, medlem. No synest eg vi skal trekkje opp, no byrjar folk å bli så fulle.

22. Møtet er hevet


Møte er heva 23:17



Avtroppet Leder/Ordstyrer
Rami Chumber



Avtroppet Nestleiar/Referent
Mari Charlotte Soland



Påtroppet Leder/Ordstyrer
Birk Cock Aschjem



Påtroppet Nestleiar og Kommunikasjonsansvarleg /referent
Rebekka Bjørøy